

# **LOVER**

for

## **Vågå Historielag**

### § 1.

*Lage har sett se te mål å få vekt hog og vørna millom bygdafolkje for de gamle minne frå bondekulture i Vågå som ennå finnst att, enten det er arbeidde ting, hell muntlege erveminne, og som lage så langt det evla vil freiste å forvåra og berge frå å kåmå burt. Arbeidde ting som eig kulturhistorisk verdågå, og som lage ottast for kan bli avhenda og kåmå utu bygden kan det kjøpe, um det har midler te de.*

*Attåt desse vil lage stødja det arbeide som nå hell seinare er i gang med å samle vyrkje te ei velgjort bygdabok um Vågå, og seinare vil lage hå for auga å få reist eit bygdamuseum så snart tid og høve kan kåmå.*

### § 2.

*Medlem tå lage kan kemsomhelst, kar hell kvinnfolk vera, som melle seg åt kassestyraren og betale årsbetaling i forskot 1 krone årleg, hell 10 krono ein gong for alle.*

### § 3.

*Styre er på 5 medlemmer, alle valde på 3 år um gongen, men slik at berre eit eller to styremedlemmer er på valg kårt år. Styret skal ha 3 varamedlemmer i rangert rekkjefølgje, desse er på valg kårt år. Døm som ha tenestgjort i styre i minst 3 år har rett te å segja frå seg valg på 3 år. Årsmøte vel formann og nestformann for eitt år um gongen. Formann kalla inn alle møte og styre døm. Han føre bok i møtom og greie den brevsifting som fell i åre, held arkiv og alle prenta og skrivne sake i skikk og orden og utarbeide ei årsmelding um kå som er gjort i åre med oversyn over stillingje åt lage. Denne skal leggjast fram for styre. Styre syter for at alt laget eig tå gamle ting, bilæte o.a. bli godt forvåra og kår ting fær sitt nr. i lista over desse, kårt slag ordna for seg. I lista skal um mogleg førast upp kår de ymse ting er kome ifrå, um det er gjeve hell kjøpt tå lage. Nummeret i lista skal setjast på kår ting. Eit styremøte gjer bindande vedtak når 3 mann møte, og formann hell nestformann er med. Underskrift tå heile styre bitt lage, men styre kan ikkje utta godkjenning tå eit lagsmøte avhende gamle ting, dokument o.a. hell bruke meir enn kr 300,- tå kassesummen på eit år. Gamle hus og andre ting som styre skjønna er gjæve kulturminne bør det få fotografert, og det som kan tenkjast å vera te mønster for*

*konst hell håndverk, ville det vera rettast å få tegna tå som arbeidstegning, um lage kan ha midler te de.*

*Styre lyt arbeide for så snart det let seg gjera å skaffe lage eit eldsikkert rum åt arkiv og andre ting som lage anten eig hell ha tikji imot te forvaring.*

#### § 4.

*Den faste årlege innkoma historielage har å verke med, er årsbetalingje, men da ho ikkje kan tenkjast å røkkje langt, skal styre og de andre medlemer gjera det døm kan for å få midler tevegjes, ved stadogt å kverve nye medlemer, ved feste og testellingo, og ved å vende seg åt Sparebank og andre samskjepa lag som ofte byte ut någå årleg tå overskot på driften.*

#### § 5.

*Te lette for styre bli bygde å dele upp i desse fjordongom:*

- 1. Ottdalen med Lalm, Holongsøyin, Ruste og Taulstadåsen.*
- 2. Sjørdalen frå nørdre Stade åt Klones.*
- 3. Nere Finntryo frå Holongsøyom åt Målun.*
- 4. Øvre Finntryo med Skårvangen.*
- 5. Nordhera, solsia.*
- 6. Nordhera, baksia.*

*For kår tå desse fjordongom bli det i årsmøte vald ein fjordongsmann – kar hell kvinnfolk – som gjere tenest i 2 år.*

*Kår fjordongsmann har ei sterkt innbonde bok tå godt papir som lage ha kosta, og her skriv han inn – ette ei plan som styre har sett upp – alt det som er bokført i fjordongen så langt han kan minnast. I nommerorden i matrikkelistun føre han inn alle garde og bruk, og for kår tå desse skriv han upp de gamle ting og kulturminne som kan finnast på staen, anten det er gamle ting hell gamle erveminne um slekte som ha sitji på garde i gomol tid. Alle gamle stenamn som er i bruk hell kjennest frå gåmålt – lyt førast inn, da døm har verd for gransking tå mål, histori og namnforskning, slikt som gjeld namn på åker, eng og jordparter, slette, uteng, skogteigje, bekkje og dale, bergknatte, gardsveigje, råk og stigje, sæter og sæterveig, veidstøe, fiskeplasse, steinbråt og jønnblåster, alt slikt som frå gamle tie ha havt sitt eigje namn. Alle uppskrifte gjerest så stutt som mogleg, men så vidt fullkome og greitt at døm kan vera te rettleiing for nøgjare gransking i framtin. Det påligg styre å sjå ette at fjordongsbøken bli greit og eins førde te kår tid. Der det finst att gamle brev og andre brevsaker, bør fjordongsmann um mogleg få låne døm te nøiare gransking i lag med samla styre, og slike brevskap kan styre tå imot te forvaring um eigaren ynskje det.*

#### § 6.

*Årsmøte bli hulde inna utgangen tå februar kårt år. Møte lyt kunngjerast ved uppslag på vanlege stelle i kår fjordong minst ei viku fyreåt.*

*Sakliste for årsmøte:*

- 1. Årsmelding frå styre um det som er gjort i åre.*
- 2. Melding frå kassestyrar um inntekt og utgifte i åre.*
- 3. Val på styremedlem med varam., formann, nestformann og fjordongsmenn.*
- 4. Val på kassestyrar og ettersynsmann (utanom styre).*
- 5. Framlegg frå styre.*
- 6. Framlegg frå lagsfolk, men styre kan nekte fyrehaving når dette er kome ette innkalling. Styre kalla inn te vanlage lagsmøte når det har sakje som ikkje kan vente te årsmøte, helle når minst 5 lagsfolk har kravt det skriftleg og gjeve upp kåfår ei sak det gjeld. Alle vedtak som ikkje er nemnde i § 8 bli gjort med vanleg fleirtal. Står røystene likt, gjer formannen av sakje. Det lyt møte minst 5 medlemmer for at någå medlemsmøte er vedtaksført.*

*§ 7.*

*Vågå Historielag er medlem tå Gudbrandsdalens Historielag.*

*§ 8.*

*Forandring i desse lovom kan gjerast med 2/3 fleirtal i årsmøte, og framlegg te forandring lyt vera senda styre minst 6 viku fyry årsmøte, og styre skal ha sagt si meining um forandringje.*

*Uppløysing tå laget treng 4/5 fleirtal i årsmøte. Er talet på lagsfolk mindre enn 5 eit år er lage å regne for oppløyst.*

*§ 9.*

*Bli lage oppløyst skal det lage eig forv åråst i Vågå, tå Vågå kommune, te nytt lag kjøm i gang att ette likeeins love.*

*Vedtekter frå 1929 med endring i 1939.*

*§ 3 endra på årsmøte 12.3.2008*